

SAK 04-21. FORSLAG TIL HØYRINGSSVAR FRÅ REGIONRÅDET I HALLINGDAL: NOU 2020:12- NÆRINGSLIVETS BETYDNING FOR LEVENDE OG BÆREKRAFTIGE DISTRIKTSSAMFUNN

Saksopplysning:

Distriktsnæringsutvalet vart sett ned ved Kongelig resolusjon 27. september 2019 for å vurdere kva rolle næringslivet har for levande og berekraftige lokalsamfunn. Ein viktig del av utvalet sitt mandat har vore å beskrive kva god nasjonal, regional og lokal næringspolitikk er, og synleggjera kva som fremmar eller hemmar lønsam næringsverksemd i distrikta. Utvalets utredning- «Næringslivets betydning for levande og berekraftige lokalsamfunn» (NOU 2020:12) vart overlevert til Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 28. oktober 2020. Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ønskjer at berørte og interesserte aktørar vurderar utvalets sine tilrådingar, og sender derfor rapporten på høyring.

Høyringsfristen er sett til 28. januar 2021.

Hallingdal har fått utsett fristen til 29. januar 2021

Forslag til uttale:

Regionrådet for Hallingdal er eit samarbeids- og interesseorgan for dei seks kommunane i Hallingdal. Rådet arbeider for å utvikle regionen, og for å ivareta interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

Utfordringane som blir presenterte i NOU-en, er langt på veg dekkjande for Hallingdal. Færre i arbeidsfør alder, fråflytting, fødselsunderskot og mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse. Befolkningsframskrivingane frå Telemarksforsking viser at situasjonen truleg kjem til å forverre seg framover om det ikkje blir tatt grep.

Hallingdal og fjellområda i Noreg har andre naturgitte føresetnader for utvikling og forvaltning enn meir sentrale område i Noreg. I dag har næringslivet i dalen mindre vekst enn alle andre regionar i Viken. Unntaket er reiselivet, som har vore ein sentral drivar for utvikling og vekst. Det siste året har vist at også dette område er sårbart, og det er usikkert korleis dette kjem til å utvikle seg framover. For å få til ein endring er det behov for ein næringspolitikk som stimulerar næringslivet og som byggjer på- og utviklar ressursgrunnlaget i Hallingdal.

Hallingdal treng fleire innbyggjarar, og vi treng kompetent arbeidskraft for å møte demografi-utfordringane og for å halde oppe viktige offentlege tenesteområde og for å utvikle levande bygder. Derfor bør det i større grad satsast på næringsutvikling og tilflytting til fjellområda.

Ein offensiv nærings- og distriktpolitikk

Hallingdal støttar Fjellnettverket si uttale, og meiner det er mogeleg å snu sentraliseringa og få til ei positiv utvikling som styrkjer næringslivet, sikrar busetting og gode liv i distrikta. Det er på tide med ein offensiv nærings- og distriktpolitikk der ein tek i bruk fleire ulike verkemiddel. Slik sikrar ein vekst og busetting i desse delane av landet.

Regionrådet for Hallingdal ser innstillinga frå Distriktsnæringsutvalet, NOU 2020:12 – Næringslivets betydning for levande og berekraftige lokalsamfunn, som eit svært godt grunnlag for ein meir effektiv distriktpolitikk.

Utvalet har kome med ei rekkje forslag. Regionrådet for Hallingdal vil kommentere dei forslaga som vi meiner er særleg viktige for vår region og næringslivet her.

1. Auka inntektsgrunnlag for kommunane

Gode økonomiske rammevilkår for kommunane er sentralt for å leggje til rette for lokal og regional næringsutvikling. For Hallingdal er to av forslaga frå utvalet spesielt viktige:

1. Innbyggjarar og fritidsinnbyggjarar

Ei spesiell utfordring for kommunane i Hallingdal og andre distriktskommunar er at overføringane til kommunane baserer seg på innbyggjarar og ikkje på faktiske brukarar. Utfordringa har auka over tid. Sidan 90-talet har endringane i måten nordmenn byggjer og brukar fritidsbustader på, endra seg: Frå små hytter med enkel standard til bustad nummer to. Hyttehallingen brukar mykje tid på hytta og i kommunen hytta ligg i. Mange av våre kommunar får mangedobla innbyggjartalet i høgsesongane. Kommune får fleire positive ringverknader av fritidsbustadene, men også store utgifter, mellom anna på grunn av opphaldsprinsippet, infrastruktur og til behandling av byggjesaker. Overføringane til kommunane blir rekna etter talet på heiltidsinnbyggjarar og tek ikkje høgde for at måten nordmenn bur på og brukar fritida si på, har endra seg.

Regionrådet for Hallingdal støttar utvalet i:

At inntektsgrunnlaget til kommunane skal vurderast. Tida er inne for å konkludere med at brukartal og ikkje innbyggjartal bør leggjast til grunn både ved lokalisering, dimensjonering og finansiering av offentlege tenester. Det er også grunn til å sjå på korleis ein får fram grunnlagstal, tal på gjestedøgn osv. Vi ønskjer at kommunane i Hallingdal skal vere i stand til å gje gode tenester til både innbyggjarane og hyttehallingar.

Det er grunn til å tru at hytta i framtida i mykje større grad vil bli bustad nummer to. Hyttefolket blir i endå større grad deltidsinnbyggjarar, som aktive deltakarar i lokalsamfunnet. I denne samanheng er hyttefolket også ein uutnytta ressurs som potensielle aktørar i lokal næringsutvikling. Regionrådet meiner det må setjast i gang nærare utgreingar for å koma fram til gode løysingar, som i langt sterkare grad kan inkorporere hyttefolket i sin hyttekommune.

2. Naturressursar

Distrikta og fjellområda forvaltar store naturressursar på vegner av heile landet. Bruk av desse ressursane kjem heile samfunnet til gode og er sentralt for å bremse oppvarminga og gjennomføre det grønne skiftet. Bruk av naturressursar medfører ulemper for lokalsamfunnet, og dei bør kompenseras med inntekter som kjem lokalsamfunna til gode.

Regionrådet for Hallingdal støttar utvalet i:

At distriktskommunar som avstår frå verdifulle naturressursar til storsamfunnet, må få behalde ein større del av verdiskapinga. Desse inntektene bør heilt eller delvis haldast utanom inntektsutjamningssystemet. Dette vil gi kommunane insentiv til å leggje til rette for å nytte naturressursar og med det føre til auka verdiskaping.

2. Statlege arbeidsplassar

NOU 2020:12 viser at sysselsetjingsveksten i offentleg sektor skjer raskare i sentrale område enn i distrikta. I kommunar med sentralitetsklasse 6 har arbeidsplassveksten i offentleg sektor vore 23 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet sidan 2000-talet. Vi har ikkje tal for Hallingdal, men her er det ein nedgang som får negative konsekvensar i kombinasjon med ein-sidig næringsliv og få arbeidsplassar for dei med høg utdanning.

Regionrådet for Hallingdal:

- Støttar utvalets forslag om at det bør leggjast større vekt på lokalisering av statlege arbeidsplassar enn i dag. Lokaliseringspolitiske omsyn må vektleggast i langt større grad både ved oppretting av nye statlege arbeidsplassar og ved strukturendring/relokaliseringar av statlege verksemder. Det må leggast betydeleg vekt på lokalisering i regionale sentra i distrikta der

verksemda har størst potensial for å bidra til det lokale tilbødet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og breidde.

- Meiner at statlege arbeidsplassar bør fordelast ut over landet og at det er nødvendig med ein offensiv statleg politikk for å desentralisere statlege arbeidsplassar.
- Meiner at arbeidsplassar som er lokaliserte rundt om i landet vil vere ein styrke for statleg forvaltning. For distrikta vil det føre til viktige kompetansearbeidsplassar og eit meir variert næringsliv.

3. Sikre tilgang på kompetent arbeidskraft

Utdanningssystemet påverkar i stor grad kvar ein buset seg etter utdanninga. Undersøkingar viser at over 70 prosent blir verande i regionen der dei har gjennomført studia. I dag er utdanningsinstitusjonar i stor grad lokaliserte i sentrale område. Dette får ein negativ effekt på næringslivet i distrikta.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

- Høgare utdanning bør bli finansiert slik at det blir fleire studiestader i distrikta. - Det bør bli sterke insentiv for at universitet, fagskular og høgskular opprettar fleircampusmodellar.
- Etter- og vidareutdanningar bør bli meir fleksible, for å kunne møte næringslivets behov for kompetanse.
- Ei auka satsing på desentralisert høgare utdanning vil sikre kompetanse til næringslivet i distrikta.
- Eit høgt utdanningsnivå er sentralt for å utvikle nye løysingar, innovasjon og for ei berekraftig og grøn omstilling.

4. Differensiert arbeidsgjevaravgift

Regionrådet for Hallingdal meiner dagens ordning med differensiert arbeidsgjevaravgift er eit viktig distriktspolitisk verkemiddel.

Regionrådet for Hallingdal støttar utvalet i:

- Differensiert arbeidsgjevaravgift er eit sentralt og målretta tiltak som bør vidareførast.
- Det bør vurderast om innføring av personretta verkemiddel kan auke bustadsattraktiviteten i distriktkommunar, særleg for å påverke sjølvne avgjerda om å flytte.

5. Innovasjon og næringsutvikling

Innovasjon og vekstkraft dannar grunnlag for næringsliv og busetting i distrikta. Målretta ordningar vil styrke mogelegheitene for etablering, innovasjon og omstilling. Ein variert arbeidsmarknad, er viktig for framtidig næringsutvikling i Hallingdal. Særleg trengst fleire arbeidsplassar med krav til ulik kompetanse hjå innbygarane.

Regionrådet for Hallingdal støttar utvalet i:

- Eit verdiskapingsprogram for næringsutvikling i distrikta, retta mot verksemdar med høg del tilsette med høgare utdanning, vil vere eit viktig tiltak for å få til ein meir variert arbeidsmarknad og styrke utviklinga av distrikta.
- At det bør vere både handlingsrom og økonomiske verkemiddel for å styrke utviklinga i distrikta. Regionale utviklingsmidlar har vorte svært redusert over fleire år. Regionrådet for Hallingdal meiner, som utvalet at regionale utviklingsmidlar har vore viktig for innovasjon og nyetablering i distrikta og at dette bør aukast.
- At delar eller heile ansvaret for regionale midlar kan overførast til kommunar, interkommunale prosjekt eller regionråd.

6. Infrastruktur

Infrastruktur og samferdsel er viktig for utvikling av næringslivet i distrikta. Tilgangen på digitalt infrastruktur betrar seg sakte i Hallingdal, men det er fortsatt svarte hol. Dette får negative konsekvensar for barn og unge under utdanning, næringslivet og mogelegheiter for nyetableringar.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

Breiband og fiberløysingar bør byggjast ut i alle delar av landet i eit mykje raskare tempo enn i dag. Vi støttar utvalet sitt forslag om at statleg støtte til utbygging må forsterkast. Tilgang på god og stabil elektronisk kommunikasjon er avgjerande for at det skal skapast arbeidsplassar og verdiar over heile landet.

Konklusjon

Utgreiinga til distriktsnæringsutvalet gir eit godt fagleg grunnlag for å utvikle Hallingdal, fjellområda og distrikta i Noreg. Skal me ha levande og livskraftige lokalsamfunn og bygder i Hallingdal, også i framtida, er det nødvendig med ein offensiv distriktspolitikk, som tek i bruk vesentleg sterkare verkemiddel enn i dag.

Distrikta og fjellområda bidreg med sine ressursar til landet som heilskap. Skal me i framtida nytte desse ressursane på best moeleg vis og leggje til rette for utvikling og det grønne skiftet, må det bu folk over heile landet.

Regionrådet meiner det er behov for ein offensiv politikk som legg til rette for næringsutvikling, og forslaga frå Distriktsnæringsutvalet bør bli praktisk politikk så snart som råd.